



Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune

Detaljregulering for Gjermundnes masseuttak – utviding

Fråsegn til høyring - motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Planforslag for utviding av detaljreguleringsplan for Gjermundnes masseuttak er sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn.

Planarbeidet skal legge til rette for eit deponi for reine massar frå brotet, åtkomst til sjø gjennom eksisterande passasje under E136 og permanent sikring av brotområdet. Plana skal også legge til rette for asfaltverk. Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Ved utarbeiding av reguleringsplanar er det viktig at verknader for relevante tema er godt nok belyst. Planomtalen skal gi ein nøyaktig og god framstilling av planforslaget, korleis det endrar planområdet og påverkar omgjevnadene.

Plana bygger på eksisterande reguleringsplan frå 2013. Planomtalen er svært kortfatta både om aktivitet, verknader og moglege avbøtande tiltak.

Planforslaget skil seg lite frå gjeldande reguleringsplan. I søraust er det tatt med eit større areal der det er planlagt deponering av reine massar. Det er også opna for etablering av asfaltverk innafor areal avsett til råstoffutvinning.

Det utvida arealet som er tatt inn i plana er regulert til LNF. I følgje planomtalen kapittel 5.1 skal «området brukes som i dag. Området med deponerte masser skal tilbakestilles slik at de er egnet for grunneiers fremtidige bruk av området til skogsdrift. Veger, samt voller for skjerming kan etableres».

Av dette les vi at det allereie går føre seg deponering i området som ikkje er i tråd med gjeldande arealføremål.



Figur 1: Gjeldande reguleringsplan til venstre. Planforslag til høgre.

Fordi det er få nye moment i revidert planforslag fremmer vi ikkje planfagleg motsegn (med unntak av ROS-analysen). Men vi rår sterkt til at kommunen tar ein gjennomgang av plandokumenta og sørger for betre kvalitet både for utgreiing av planlagt aktivitet i området, verknader og moglege avbøtande tiltak. Sjå også merknadene under.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det er gjort ein enkel ROS-analyse for planområdet. Ettersom planområdet grensar mot sjø saknar vi at analysen omtalar vurderingane som er gjort av faren for stormflod. DSB har laga rettleiaren «[Havnivåstiging og stormflod](#)» som kan nyttast i dette arbeidet. Når ROS-analysen ikkje skildrar kva vurderingar som er gjort, er vi usikre på om planen tek tilstrekkeleg omsyn til stormflodfaren (inkludert havnivåstiging og bølgepåverknad). Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2 set krav til tryggleik mot stormflod, og det er definert tre tryggleiksklassar med ulike stormflodstorleikar som skal leggjast til grunn for bygg i stormflodutsette område. Bygg som kan etablerast på industriområdet nær sjøen er ikkje plassert i ein tryggleiksklasse i samsvar med TEK17.

Det er eit gjennomgåande krav at alle kjelder, føresetnadar og resonnement bak konklusjonane i ROS-analysen er dokumenterte og kan etterprøvast. Vi kan ikkje sjå korleis analysen har konkludert med at stormflodfaren mot industriområdet tilfredstiller tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Statsforvaltaren meiner ROS-analysen er mangelfull, og fremjar **motsegn** til planen, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Dersom ROS-analysen avdekkjer risiko og sårbarheit, må planforslaget gjere greie for korleis dette skal følgjast opp, til dømes gjennom omsynssoner og planføresegner.

Forureining og støy

Produksjon og bearbeiding av asfalt

Asfaltverk avgir mykje lukt. Det går ikkje fram av plana at dette kan vere ein konsekvens.

Luktproblem frå asfaltverk er ofte ei kjelde til stort konfliktnivå. Vi rår til at det blir gjort ei analyse av luktspreiing i området, og at det blir sett på avbøtande tiltak for å avgrense dette. Ein bør vidare avklare ei plassering av asfaltverket som gir minst negative verknader for omgjevnadene.

Vi viser til forureiningsforskrifta §§ 24-1, 24-2 og 24-3. Her går det blant anna fram at «*stasjonære asfaltverk skal ikke plasseres nærmere enn 300 meter frå nærmeste bebyggelse eller naturområde*».

Vi minner også om at det i god tid før ein verksemd startar opp, skal den ansvarlege sende melding til statsforvaltaren med opplysningar om verksemda, jamfør forureiningsforskrifta kapittel 24-11.

Støy

Av planomtalen kapittel 4.10 går det fram at området er støybelasta som resultat av dagens drift, men at ingen bustader er påverka av utvidinga. Vi føreset at dette også gjeld fritidsbustader, samt at både støy frå anleggsarbeid og trafikk er medrekna.

Vi rår til at det blir utarbeidd ei støyfagleg utgreiing i samband med detaljreguleringa. Om det er støyfølsame bygningar som er plaga av støy frå næringa i dag, er det ein god moglegheit for å rydde opp i situasjonen og eventuelt stille krav om avbøtande tiltak. Dette vil bidra til lågare konfliktnivå i framtida.

På grunn av at reguleringsendringa ikkje legg opp til auka støy i høve dagens aktivitet fremmer vi ikkje motsegn til dette temaet.

Natur- og miljøvern

Landskap

Eksisterande brot har gitt store sår i landskapet. Føresegnene sikrar ikkje istandsetting av landskapet. Dette bør gjerast for både eksisterande brotuttak og areal for utviding i nytt planforslag.

Friluftsliv

Friluftsliv er kort omtalt i kapittel 4.7. Strandsoneinteressene er ikkje nemnt. I gislink er det registrert eit område ved sjøen kategorisert som lokalt viktig friluftsområde. Området blir skildra som eit bratt, skogkledd nes ved Gjermundnes og skal vere ein god fiskeplass. Arealet blir ikkje berørt av sjølve utvidinga, men overlappar med industriområdet ved sjøen.

Konklusjon

Statsforvaltaren meiner ROS-analysen er mangelfull, og fremjar **motsegn** til planen, jf. plan- og bygningslova § 4-3.

Vi viser elles til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
Ass. miljøverndirektør

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
NVE VEST
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500
Naustdalsvegen 1B
Postboks 1010 Nordre Ål

6404 MOLDE
6800 FØRDE
2605 LILLEHAMMER